

Saksbehandlar: Lena Merete Søderholm, Nærings- og kulturavdelinga
Sak nr.: 15/9424-25

Marint verdiskapingsfond - andre utlysing 2015

Fylkesdirektøren rår Hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

- 1 Hovudutval for næring og kultur gjer følgjande vedtak om finansiering av søknadane til Marint Verdiskapingsfond Sogn og Fjordane ved 2. utlysing i 2015:
 - a) Søknaden frå Sogn Aqua Juveniles AS om «Forprosjekt - kveiteyngel» er vurdert som bedriftsretta. Søknaden kan difor sendast Innovasjon Norge for vurdering. Om prosjektet vert vurdert som støtteverdige, vil Innovasjon Norge handsame denne vidare i sitt system i tråd med godkjende rutinar.
 - b) NIVA får tildelt kr. 728 400 i støtte til prosjektet «Miljøfaktorer, gjellehelse og svinn i sjø - nøkler for smittereduksjon og bedret velferd».
 - c) Folvengaard får tildelt kr. 110 000 som omsøkt til «Forprosjekt: Folvengaard Røye». Dette vert gjeve som bagatellmessig støtte etter EØS sitt regelverk for statsstøtte.
 - d) Skaar Norway AS får tildelt kr. 267 650 som omsøkt til finansiering av studietur til Alaska. Dette vert gjeve som bagatellmessig støtte etter EØS sitt regelverk for statsstøtte.
- 2 Svanøy Havbruk får ikkje midlar frå denne tildelinga til søknaden «Bruk av ferskvann laget av sjøvann for bekjemping av lakselus på Svanøy».
- 3 Prosjekt b), c) og d) skal finansierast med midlar frå Marint verdiskapingsfond Sogn og Fjordane.
- 4 Det vert i tillegg sett av kr. 1,9 mill. til «forprosjekt -kveiteyngel» frå Marint Verdiskapingsfond. Desse midlane eller deler av desse vert overført til Innovasjon Norge dersom Innovasjon Norge støttar prosjektet. Fylkesrådmannen får fullmakt til å følgje opp dette.
- 5 Hovudutvalet gjev direktøren for næring og kultur fullmakt til å følgje opp søknadane i punkt. b), c) og d) med dei vilkår som kjem fram i saka.

Vedlegg:

- 1 Mal for evaluering av søknadane
- 2 Vilkåra for marint verdiskapingsfond

Andre dokument som ikkje ligg ved:

- 1 Vedtak frå 1. utlysing 2015 (HNK sak 10/15)
 - 2 Oppretting av marint Verdiskapingsfond (HPN sak 35/10, Fu sak 64/10, FT sak 32/10)
 - 3 Tildeling av midlar frå Marint verdiskapingsfond 2014 (HPN sak 77/14)
 - 4 Tildeling av midlar frå Marint verdiskapingsfond 2013 (HPN sak 17/13)
 - 5 Tildeling av midlar frå Marint verdiskapingsfond 2012 (HPN sak 34/12)
-

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Marint verdiskapingsfond Sogn og Fjordane hadde si femte utlysning med søknadsfrist 28. februar 2016. Dette var den andre utlysinga i 2015, då ingen av søknadene fekk tildelt midlar ved den første utlysinga. Det kom inn fem søknadar; to forprosjekt, to hovudprosjekt og ein studietur. Samla søknadssum til fondet var kr. 5,53 mill. Fondet har ein restkapital på kr. 3,06 før denne tildelinga.

Marin arbeidsgruppe i Nærings- og kulturavdelinga har evaluert søknadane på grunnlag av vilkåra for fondet og fastsette kriterier og gjort faglege tilrådingar på grunnlag av dette. Dei har innstilt på støtte til fire av søknadane, men med redusert sum for fleire av prosjekta for å halde seg innanfor fondet sine økonomiske rammer. Ved gjennomgang av søknadane har vi gjort ei ekstra vurdering for å sikre oss at finansiering av søknadane ikkje kjem i konflikt med EU sitt statsstøtteregelverk.

2. Bakgrunn for saka

Grunnen for at saka er fremja

Marint verdiskapingsfond Sogn og Fjordane (MVF) vart etablert i 2010 på grunnlag av midlar frå konsesjonstildelinga for laks i 2009, og hadde si første tildeling i 2012. Etter vilkåra i fondet skal det gjennomførast ei årleg tildeling av midlar frå fondet.

Marint verdiskapingsfond Sogn og Fjordane gjennomførte i desember 2015 ei ny utlysing av midlar. Søknadsfrist var 28. februar 2016. Dette var den andre utlysinga i 2015, då ein etter første utlysing (med søknadsfrist 25. september 2015), gjorde vedtak i Hovudutval for næring og kultur om at ingen av søknadane var klare for finansiering slik dei var utforma, og at det skulle vere ei ny utlysing i 2015.

Då fristen gjekk ut var det registrert fem søknadar; to forprosjekt, to hovudprosjekt og ein studietur. Samla søknadssum til fondet var kr. 5,53 mill. Fondet har ein restkapital på kr. 3,06 før denne tildelinga.

Historikk - tidlegare vedtak

- Oppretting og kriterier for Marint verdiskapingsfond i Sogn og Fjordane (HPN sak 35/10, Fu sak 64/10, FT sak 32/10)
- Tildeling av midlar frå Marint verdiskapingsfond 2012 (HPN sak 34/12)
- Tildeling av midlar frå Marint verdiskapingsfond 2013 (HPN sak 17/13)
- Tildeling av midlar frå Marint verdiskapingsfond 2014 (HPN sak 77/14)
- Tildeling av midlar marine grunnkart 2014 og 2015 (HPN sak 21/14 og 49/15)
- Sak om tildeling av midlar frå Marint Verdiskapingsfond 2015 (HNK sak 10/15)

Sentrale problemstillingar

Fondet vart oppretta i 2010 og skal etter vedtektene tappast med til null over 5-6 år. Det står no att i overkant av 3 mill. kr. disponibelt til denne utlysinga. Det er såleis ein avgrensa sum pengar som kan tildelast, og søknadsbeløpa overskrid fondet sine tilgjengelege midlar. Dette legg føringar på kor mykje midlar vi finn å kunne delfinansiere dei beste prosjekta med.

Vi har gjort vurderingar i høve EØS-regelverket om statsstøtte. Mellom anna har vi fått ei overordna vurdering av Bjørnar Alterskjær i advokatfirmaet Kluge. På grunnlag av denne, har vi innstilt på at Innovasjon Norge bør vere den som faktisk og praktisk tek hand om søknaden frå Sogn Aqua Juveniles AS. Vi vil sette av ein sum i Marint Verdiskapingsfond som vi overfører til Innovasjon Norge dersom dei vurderer at søknaden bør finansierast.

Vi har vidare vurdert tildeling av midlar til dei andre søkjarane i lys av EØS-regelverket og mogleg bedriftsstøtte. Økonomiske midlar kan gjevast som bagatellmessig støtte, der grensa for fiskerisektoren er på 30 000 Euro over dei siste tre åra. Vi må då sikre oss før utbetaling finn stad, at bedriftene skriv under på at dei ikkje har motteke anna bagatellmessig støtte slik at det totale stønadsbeløpet vert overskriden.

NIVA (Norsk institutt for Vannforskning), som er ein av søkjarane, er ei stifting der inntekter vert ført tilbake til organisasjonen (non-profit organisation) og ikkje ein kommersiell aktør i tradisjonell forstand. Kluge er i si vurdering ikkje heilt klar på om NIVA fell innanfor eller utanfor regelverket om statsstøtte. Det vil ikkje vere mogleg å nytte Innovasjon Norge i dette høvet, sidan dei ikkje reknar NIVA som ei bedrift og såleis ikkje kan få støtte gjennom IN sitt system. Om vi skal følgje denne logikken, bør ein FoU-institusjon kanskje falle utanfor statsstøtteregelverket. Vi har vi falle ned på at fylkeskommunen gjennom fondet kan finansiere utviklingsprosjekt i regi av NIVA. Dette er også i tråd med praksis i nabofylka på Vestlandet.

Tabell 1: Oversyn over midlar i Verdiskapingsfond Sogn og Fjordane

Sum kr. overført til fondet i 2009	11 000 000
tildelt i 2012	3 000 000
tildelt i 2013 ¹⁾	1 140 000
tildelt i 2014	1 060 000
løyving (2014)	400 000
løyving (2015)	339 650
Midlar avsett til hovudprosjekt lokalisering av akvakulturlokaltetar	2 000 000
restsum tilgjengeleg pr. april 2015	3 060 350

1) Ved tildeling i 2013: politisk vedtak om tildeling til 6 prosjekt med samla støttesum kr. 2,34 mill., men to prosjekt vert trekt tilbake/ikkje starta opp (kr. 1,2 mill.).

Andre opplysningar

Tabell 2: Oversyn over prosjekt som so langt er finansiert av fondet

år	søklar	sum	prosjektittel
2012	NIVA/INAQ	3 000 000	Eabl. av kunnskapsgr.lag for bruk av sjøaure som indikator (KUSTUS)
2013	Norges Vel	140 000	Forprosjekt: Dyrking av algaer til konsum
2013	NIVA/Stift. Norsk villakssenter	350 000	Gyrolus 2013-2015, vidareføring av KUSTUS
2013	NIVA/Årdal Jeger og fisk	500 000	Vandringsmønster til sjøaure frå Årdal og Fortun 2013-2015
2013	NIVA/Stift. Norsk villakssenter	150 000	"Slus" - Evaluere effekt av lakselus på overleving av marin laksesmolt frå Lærdalselva
2014	Nordfjord Laks AS	460 000	Forprosjekt_ Avlusingmetode ved bruk av nye miljøvenlege kjemikalium
2014	Hortimare AS	600 000	Integreret Akvakultur
2014	Sogn og Fj. Fylkeskommune	400 000	Opparbeiding av Marine grunnkart (samfin. PSA 1 309 650) 15/8820-5
2015	Sogn og Fj. Fylkeskommune	39 650	tillaggs løyving opparbeiding marine grunnkart
2015	Ariel Seafood AS	300 000	Forprosjekt: Strategi for lokalitetstilpassa dyrking av blåskjel

Tabell 3: Oversyn over søknader ved 2. utlysing 2015

Nr	tittel	søklar	Totalkostnad	søknadssum
1	Forprosjekt - Kveiteyngel	Sogn Aqua Juveniles AS	7 500 000	3 000 000
2	Miljøfaktorer, gjellehelse og svinn i sjø	NIVA	1 858 400	928 400
3	Forprosjekt - Folvengaard Røye	Folvengaard	410 000	110 000
4	Bruk av ferskvann laget av sjøvann for bekjemping	Svanøy Havbruk	2 449 800	1 224 600
5	Studietur: Produksjon av ørretrogn til konsum i Norge, kva kan vi lære frå Alaska?	Skaar Norway AS	535 290	267 650
	Sum:		12 753 490	5 530 650

3. Vurderingar og konsekvensar

Søknad 1: Forprosjekt Kveiteyngel

Kort om forprosjektet:

Det nyoppstarta selskapet Sogn Aqua Juveniles AS (SAJ) søker om tilskot på kr. 3 mill. (40 % av prosjektkostnadane) til eit FoU-prosjekt for å etablere eit pilotanlegg for kveiteyngel i Høyanger kommune. Totalbudsjettet for forprosjektet er 7,5 mill. kroner. SAJ har etablert eit 2-årig FoU-forprosjekt basert på midlertidige fasilitetar for uttesting av ulike teknologi og metodikk som skal gje grunnlag for å velje dei rette løysingane i eit permanent anlegg. FoU-prosjektet er fordelt på fire ulike arbeidspakker og vil gå over 18 månader og startar opp våren 2016.

Forprosjektet sitt overordna mål er å finne dei viktigaste faktorane for optimalisert yngelproduksjon av kveite gjennom undersøkingar av inntaksvatnet, vassbehandling, hoppekreps som levandefór og kostnadseffektivt startfóringssystem. Planen er at selskapet på grunnlag av dette forprosjektet skal velje dei rette teknologiske og biologiske løysingane for å etablere ein produksjon av kveiteyngel, og selje denne til Sogn Aqua AS som er i ferd med å etablere seg som produsent av porsjonsfisk kveite på Bjordal i Høyanger.

Vurdering av relevans:

Tilgang til kviteyngel er ein kritisk faktor næringa, og søknaden treffer godt i høve til fondet sine vilkår om å bidra til ei berekraftig utvikling av akvakulturnæringa, og også gjennom å kunna auke den lokale verdiskapinga innan havbruksnæringa. Søknaden skårar særst høgt på relevans, og vi ser dette som eit viktig steg for å utvikle ei ny sjøbasert næring i fylket.

Vurdering av prosjektkvalitet

Søknaden skårar godt på prosjektkvalitet. Det er ikkje gjort greie for kritiske suksessfaktorar i søknaden og prosjektet er heller ikkje særleg godt organisert, då dei ikkje har fordelt ansvar mellom prosjekteigar, prosjektansvarleg og prosjektleiar. Vi har likevel god tru på gjennomføringsevna til dei som er koplå opp mot prosjektet, og det er godt samsvar mellom forprosjektet sine mål og aktivitetar til at vi forventar at forprosjektet kan gje klare resultat.

Fagleg totalvurdering:

Vi ser prosjektet som viktig og interessant og med godt potensiale til å utvikle ei ny marin næringsveg i fylket. Dei søker om kr. 3 mill. i støtte, men sidan det er fleire søknadsgode prosjekt som har søkt finansiering, og det er avgrensa midlar til fordeling, foreslår vi å avkorte ei eventuell delfinansiering til inntil kr. 1,9 mill.

Vi har vurdert at fylkeskommunal støtte til dette utviklingsprosjektet kan vere i strid med EU sitt statsstøtteregulverk. Søknaden vert difor etter avtale med Innovasjon Norge sendt over til dei for ei sjølvstendig fagleg vurdering av prosjektet. Om dei vurderer utviklingsprosjektet som støtteverdige, vil Innovasjon Norge handsame søknaden vidare i sitt system i tråd med godkjende rutiner. Vi ber i vedtaket om at Innovasjon Norge får fullmakt til å handsame søknaden. Dei tilskotsmidlane som Innovasjon Norge eventuelt nyttar til dette prosjektet, vert i ettertid overført frå Marint Verdiskapingsfond til Innovasjon Norge.

Søknad 2 «Miljøfaktorer, gjellehelse og svinn i sjø - nøkler for smittereduksjon og bedret velferd».

Kort om prosjektet:

NIVA søker om støtte på kr. 928 400 til gjennomføring av dette FoU-prosjektet. Dette er 50 % av kostnadane. Prosjektet vert gjennomført på Osland havbruk sitt anlegg i Høyanger i tett samarbeid med oppdrettar.

Det overordna målet i prosjektet er å bidra til å redusere svinn i produksjonen av laks og aure. Dei ynskjer å auke kunnskapen om samanhengen mellom visse miljøvariablar (hydrografi, klima),

fisken si gjellehelse og risiko for eigensmitte med lus og anna smitteagens (t.d. amøber) i sjøanlegget. Prosjektet vil gå over nær to år (2016-2017), med oppstart juni 2016 og avslutning i 4. kvartal 2017.

Prosjektet har tre ulike arbeidspakkar:

1. Kartlegging av gjellehelse i anlegget kopla mot miljøvariablar og agens i sjø
2. Kartlegging av smitteagens i groe på nøter i anlegget ved hjelp av mikroskopi og molekylærteknologi (Q-PCR teknikk)
3. Utarbeiding av lusemodell for eigensmitte i ein straummodell for Sogn

Vurdering av relevans

Søknaden sitt mål treffer fondet sine vedtekter, som seier at ein kan finansiere prosjekt som kan bidra til ei berekraftig utvikling av akvakulturnæringa, t.d. motverke sjukdom og smittespreiing. Svinn i sjøfasen av oppdrett er ei sentral problemstilling for næringa og eit område der særleg Vestlandet har større utfordringar enn andre deler av kysten. Relevansen for det overordna målet i prosjektet er vurdert til særst høg, men ikkje alle delmåla vil bidra like sterkt til dette. Vi ser og at å finne samanhengar mellom biologiske faktorar (fisken sjølv) og miljøet kring er eit langsiktig arbeid, og litt som «å leite etter nåla i høystakken». Det er likevel viktig at desse utfordringane vert arbeidd med. Prosjektet skårar høgt til særst høgt på relevans.

Vurdering av prosjektkvalitet

Søknaden gjev ei grei innføring i dei sentrale problemstillingane, men arbeidspakke 3 er dårleg gjort greie for, og kritiske suksessfaktorar i prosjektet er heller ikkje gjort greie for. I dei to første arbeidspakkene er målet å «kartlegge», dvs. ein skildrar ein prosjektaktivitet, men ein stiller ingen klare hypotesar om kva ein meir presist forventar å finne. Det kjem heller ikkje klart fram kor langt prosjektet skal gå i å finne signifikante korrelasjonar mellom miljø (arbeidspakke 1 (AP1)) og smitteagens (arbeidspakke 2 (AP2)). Vi ser det likevel som viktig at søkjar startar med å innhente slik «basiskunnskap» som prosjektet legg opp til. AP 1 og AP 2 i søknaden skårar godt på prosjektkvalitet, medan AP3 er så lite forklart at vi ikkje finn å kunne vurdere denne.

Fagleg totalvurdering:

Vi finn deler av prosjektet interessant og relevant i høve til gjellehelse og smitteagens og ynsker å delfinansiere arbeidspakke 1 og 2. Søknadssummen vert difor føreslege avkorta med kr. 200 000, slik at fondet kan delfinansiere arbeidspakke 1 og 2 med kr. 728 400.

Vurderingar i høve statsstøtteregelverket viser vi til kap. 2 «sentrale problemstillingar».

Søknad 3: Forprosjekt: Folvengaard Røye

Kort om forprosjektet:

Forprosjektet har som mål å etablere eit godt grunnlag for å fatte avgjerd om etablering av pilotanlegg for oppdrett av røye eller aure på Folven i Stryn. Forprosjektet vil gå over eitt år og har ein totalkostnad på kr. 410 000. Det er søkt om stønad på kr. 110 000. Dette utgjer 27 % av kostnadene.

Forprosjektet lister seks aktivitetar som omhandlar kartlegging av produksjonsvatn og infrastruktur, val av art for produksjon, produksjonsberekningar, vidareutvikling av forretningsplanar og vidareutvikling av produkt med utgangspunkt i vald art (røye eller aure). Prosjektet er ei oppfølging av tidlegare utgreiingar finansiert av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane (Landsbruksavdelinga) for å utnytte lokale ressursar og moglegheiter for auka verdiskaping i Sunndalen/Hjelledalen/Folven.

Vurdering av relevans:

Søknaden støttar heller dårleg opp om føremålet i vedtektene til fondet om å bidra til berekraftig utvikling av akvakulturnæringa, slik desse var tenkt i utgangspunktet. Oppdrett av røye eller aure i ferskvatn kan likevel kome inn under fondets andre mål om at fondet kan støtte tiltak innan produktutvikling som bidreg til å auke den lokale verdiskapinga. Vi finn at søknaden har moderat relevans i høve utlysinga og vert vurdert vidare.

Vurdering av prosjektkvalitet:

Forprosjektet har greitt prosjektmål, og omhandlar relevante problemstillingar utifrå at ein startar «frå botnen av» med å etablere ferskvassoppdrett av røye eller aure basert på lokale vasskjelder. Søknaden er greitt utforma, med klare mål og plan for gjennomføring. Dei vil knyte til seg fagekspertise på relevante punkt, elles er det ein stor grad av eigeninnsats i forprosjektet. Forprosjektet er interessant med tanke på å utvikle nye næringsvegar innan «vassbruk», og kunnskapen som forprosjektet genererer vil kanskje på sikt kunne bidra til å sikre arbeidsplasser i mindre sentrale områder i fylket. Veggen fram til produksjonsanlegg er lang, men avklaring av vasskjelda sin kvalitet og andre punkt som forprosjektet skal setje søkelys på, vil vere steg i rett retning. Forprosjektet skårar moderat til høgt på prosjektkvalitet.

Fagleg totalvurdering:

Alt i alt eit godt og interessant forprosjekt som fondet bør delfinansiere med omsøkt beløp kr. 110 000. Dette utgjer 27 % av kostnadane i forprosjektet. Beløpet vert gjeve som bagatellmessig støtte etter EØS-regelverket for statsstøtte.

Søknad 4: Bruk av ferskvatn frå sjøvatn for bekjemping av lakselus på Svanøy**Kort beskriving av prosjektet:**

Eit hovudprosjekt finansierte gjennom ordningar frå Innovasjon Norge (IN) skal gå over 1,5 år, der utprøving av metoden med å nytte ferskvatn til avlusing skal gå føre seg i eitt år. Oppdrettsmerda vert omgitt av ein presenning i dei øvre metrane, noko som held ferskvatnet inne i merda. Sidan ferskvatn er lettare enn saltvatn, vil ferskvasslaget legge seg øvst i merda, og fisken kan søke hit om dei treng avlusing (lakselus overlever dårleg i ferskvatn). Dette er eit svært interessant og relevant prosjektet som er viktig for oppdrettsnæringa.

Søknaden til fondet er ei tilleggsfinansiering av det pågåande prosjektet. Fordi prosjekteigar ser at det er avgrensa med ferskvatn frå land som er tilgjengeleg, vil dei prøve å nytte ferskvatn produsert av sjøvatn. Dei søker fondet om finansiering på kr. 1 224 600 til å leige utstyr, konsulentar og drift og vedlikehald av anlegget som skal levere ferskvatn. Dette utgjer 50 % av kostnadane.

Vurdering av relevans:

Hovudprosjektet som allereie er finansierte gjennom IN er interessant og relevant for fondet. Vi oppfattar det slik at den delen som fondet her er bedne om å delfinansiere er av svært låg relevans i høve utlysinga. Vi ser det heller ikkje som føremålstenleg å finansiere drift i eit prosjekt der IN allereie er sterkt inne med finansiering.

Fagleg totalvurdering:

Vi vurderer relevansen av søknaden til å vere låg i høve vilkåra i fondet og avslår søknaden om delfinansiering.

Søknad 5: Studietur: Produksjon av ørretrogn til konsum i Norge. Kva kan vi lære frå Alaska?**Kort skildring av studieturen:**

Svanøy Havbruk AS har fått FoU-konsesjon (FoU: forskning og utvikling) for å utvikle metode for å kombinere produksjon av matfisk av regnbogeaure med produksjon av rogn til konsum. I samband med utvikling av metodikk og produksjonsprosesser for rognproduksjon på Svanøy søker Skaar Norway AS (eksportør, Florø) saman med to forskarar frå Nofima, Svanøy Havbruk og andre deltakarar (7 stk. i alt), reise på studietur til Alaska for å hauste erfaring frå andre som driv med dette i stor skala. Studieturen er planlagt gjennomført i juni-juli 2016, med reiseplanlegging frå mai og prosjektrapportering og erfaringsutveksling i august. Dei ber fondet om kr. 267 650 i støtte til studieturen. Dette utgjør 50 % av totalkostnadane.

Vurdering av relevans:

Tiltaket som studieturen er ein del av, er særst relevant for fondet sitt føremål om å auke lokal verdiskaping innan havbruksnæringa, og med fokus på bearbeiding og utvikling av nye produkt. Vi ser det som positivt å hauste erfaring og kunnskap frå aktørar som har dette. I Norge er aurerogn ein ressurs som ikkje er utnytta, og kombinasjon med å bruke heile fisken (fisk og rogn) er eit berekraftig initiativ. Ein vurderer studieturen som relevant med tanke på å etablere kunnskap ein skal bygge vidare på.

Vurdering av prosjektkvalitet:

Søknaden har ein grei visjon og tydeleg målsetting. Sjølv organiseringa av studieturen er enno ikkje fastslått i detalj, men det er gjeve døme på aktivitetar og bedrifter ein legg opp til å besøke. Stipulerte kostnadar synast å vere greitt kalkulert i høve innhald og varigheit (7 dagar) på turen. Det er positivt at framtidig produsent, eksportør og FoU-miljø reiser i lag og hauster og deler erfaringar. Vi har stilt oss spørsmålet om kanskje også nokon frå slakterileddet kunne hatt noko og lære og kunne vore invitert med? Om ein avgrensar representasjonen frå Svanøy Havbruk og heller får med ein frå slakterileddet vil dette ikkje gjere totalprosjektet dyrare.

I søknaden har søkjar grunngjeve kvifor dei må reise heilt til Alaska: Dei har der ein «dørpnar» inn til bedrifter i Alaska, og dei vert ikkje sett på som konkurrentar, men får ta del i kunnskapen som er etablert. Meir nærliggande geografiske land (Danmark og Frankrike), ynskjer ikkje norske bedrifter velkomne ut i frå omsyn til konkurransen.

Fagleg totalvurdering:

Søknaden om studietur skårar høgt på kvalitet. Vi oppmodar søkjar om å vurdere om tal deltakarar frå Svanøy Havbruk kan avgrensast og om det vil vere nyttig å ha med representant frå slakterileddet. Vi støtter studieturen med det omsøkte summen på kr. 267 650. Dette utgjør 50 % av totalkostnadane og vert gjeve som bagatellmessig støtte etter EØS-regelverket for statsstøtte.

Tabell 4: Oversyn over innstilling til finansiering frå fondet

Søknad nr	Søklar	Omsøkt	Finans. frå fondet
1	Sogn Aqua Juveniles AS	3 mill.	Inntil 1,9 mill.
2	NIVA	928 400	728 400
3	Folvengaard	110 000	110 000
4	Svanøy Havbruk	1 224 600	0
5	Skaar Norway AS	267 650	267 650
Sum:		5 530 650	3 006 050

4. Konklusjon

Ved gjennomgang av søknadane har vi gått ei ekstra sløyfe for å sikre oss at finansiering av søknadane ikkje kjem i konflikt med EU sitt statsstøtteregelverk.

- 1 Hovudutval for næring og kultur gjer følgjande vedtak om finansiering av søknadane til Marint Verdiskapingsfond Sogn og Fjordane ved 2. utlysing i 2015:
 - a) Søknaden frå Sogn Aqua Juveniles AS om «Forprosjekt - kveiteyngel» er vurdert som bedriftsretta. Søknaden kan difor oversendast Innovasjon Norge for vurdering. Om prosjektet vert vurdert som støtteverdig, vil Innovasjon Norge handsame denne vidare i sitt system i tråd med godkjende rutinar.
 - b) NIVA får tildelt kr. 728 400 i støtte til prosjektet «Miljøfaktorer, gjellehelse og svinn i sjø - nøkler for smittereduksjon og bedret velferd».
 - c) Folvengaard får tildelt kr. 110 000 som omsøkt til «Forprosjekt: Folvengaard Røye». Dette vert gjeve som bagatellmessig støtte etter EØS sitt regelverk for statsstøtte.
 - d) Skaar Norway AS får tildelt kr. 267 650 som omsøkt til finansiering av studietur til Alaska. Dette vert gjeve som bagatellmessig støtte etter EØS sitt regelverk for statsstøtte.
- 2 Svanøy Havbruk får ikkje midlar frå denne tildelinga til søknaden «Bruk av ferskvann laget av sjøvann for bekjemping av lakselus på Svanøy».
- 3 Prosjekt b), c) og d) skal finansierast med midlar frå Marint verdiskapingsfond Sogn og Fjordane.
- 4 Det vert i tillegg sett av kr. 1,9 mill. til «forprosjekt -kveiteyngel» frå Marint Verdiskapingsfond. Desse midlane eller deler av desse vert overført til Innovasjon Norge dersom Innovasjon Norge støttar prosjektet. Fylkesrådmannen får fullmakt til å følgje opp dette.
- 5 Hovudutvalet gjev direktøren for næring og kultur fullmakt til å følgje opp søknadane i punkt. b), c) og d) med dei vilkår som kjem fram i saka.